




Fylkesmannen i Rogaland

# Prosedyreskildring for TISK-strategien ved lokale smitteutbrot

Ein rettleiar for bruk i kommunane



# Innhold

<b>Innleiing</b> .....	<b>3</b>
Sjekkliste for rask reaksjon ved utbrot.....	3
<b>A. Varslings- og mobiliseringsfasen</b> .....	<b>4</b>
1. Risikovurdering frå kommuneoverlegen .....	4
2. Innleiande drøfting .....	4
3. Varsling og mobilisering.....	5
<b>B. Aksjonsfasen</b> .....	<b>6</b>
1. Vurdering og iverksetjing av tiltak .....	6
2. Samvirke med Folkehelseinstituttet (FHI) .....	6
3. Praktisk samvirke med andre kommunar .....	6
4. Samvirke med verksemd(er) med smitteutbrot .....	6
5. Praktisk gjennomføring av TISK-tiltak under leiing av kommuneoverlegen .....	7

## **Innleiing**

«Prosedyreskildring for TISK-strategien ved lokale smitteutbrot» er ein rettleiar til kommunane som ikkje har utarbeida egne prosedyrar for handtering av lokale smitteutbrot. Det er ikkje meint at denne prosedyren skal erstatte kommunane sine egne prosedyrar, men være eit supplement eller sjekklister som kommunane står fritt til nytte seg av.

Prosedyren er utarbeida av Fylkesmannen i Vestland.

## **Sjekklister for rask reaksjon ved utbrot**

For å slå ned eit lokalt smitteutbrot må kommunane handle raskt og målretta. Det er viktig å sjå kva ressursar som er tilgjengeleg i eigen organisasjon, i nabokommunar og på regionalt og nasjonalt nivå. Kommuneoverlegen må halde rådmannen oppdatert om smittesituasjonen. Den kommunale kriseleiinga (KKL) bør setjast når ein smittesituasjon ikkje er tydeleg avgrensa i omfang.

## A. Varslings- og mobiliseringsfasen

I varslings- og mobiliseringsfasen må kommunen så tidleg som mogleg etablere ei felles situasjonsforståing og gjere ei situasjonsvurdering. Interne og eksterne ressursar må varslast og nødvendige førebuingar må gjerast for å nytte desse. Det er veldig viktig at det er tett dialog mellom kommuneoverlegen (KOL) og den kommunale kriseleinga KKL elles.

### 1. Risikovurdering frå kommuneoverlegen

- Kommuneoverlegen må i samråd med kommunedirektør/rådmann og FHI gjere ei [risikovurdering](#).
- [Risikovurderinga må omfatte](#) ei vurdering av den epidemiologiske situasjonen, spreiingspotensialet og forventa sjukdomsbyrde.
- Vurder om nabokommunar og helseføretaket bør involverast i risikovurderinga.
- Føremålet er å vurdere sannsynet for vidare spreiing og konsekvensane av det.

### 2. Innleiande drøfting

- Etablere felles overordna forståing og vurdering av situasjonen:
  - Kor mange er smitta?
  - Tilhøyrer dei smitta i bestemte grupper eller populasjonar?
  - Kva er sannsynleg smitteveg?
  - Er det gjort tiltak for å avgrense utbrotet? I tilfelle kva? Kva er den forventa effekten?
  - Kva er potensialet for vidare spreiing (både sannsynleg scenario og verste fall-scenario)?
  - Er bestemte verksemder/institusjonar råka, eller kan verte det?
  - Kan det verte trong for lokale til å gjennomføre isolasjon for smitta personar. I tilfelle kvar?
  - Har utbrotet konsekvensar for eigne tenester, t.d. helse- og omsorgstenester, skule eller barnehage?
  - Kan utbrotet frå konsekvensar for kritiske samfunnsfunksjonar eller andre alvorlege følgjer (både sannsynleg scenario og verste fall-scenario)?
  - Ønskjer kommunen fagleg støtte frå Folkehelseinstituttet (FHI)?
  - Informasjonstiltak – jf. [retteleiar for krisekommunikasjon under koronapandemien \(Helsedirektoratet\)](#) og [trinn 7 i handbok for](#)

## [oppdaging, vurdering og handtering av covid-19-utbort i kommunen \(FHI\)](#)

- Vurdere ressursituasjonen
  - Har kommunen tilstrekkeleg intern personellkapasitet til å
    - Drive testing og smittesporing; i no-situasjonen, ved eit sannsynleg omfang og ved eit verstefallsomfang?
    - Drive nødvendig informasjonsarbeid?
  - Viss knappe ressursar; kven kan vi be om støtte frå?
  - Er det trong for å utvide, eller etablere nye lokale til testing eller smittesporing?
  - Er det trong for utstyr/materiell til å gjennomføre det?

### **3. Varsling og mobilisering**

- Eigne tilsette
  - Kva eige personell (kor mange og kven) må mobiliserast til testing og smittesporing? Aktuelt med førehandsvarsling?
  - Kven startar utkalling og når?
- Kven orienterer eige helseføretak og Fylkesmannen (og FHI, viss det ikkje allereie er gjort)?
- Andre kommunar
  - Skal andre kommunar kontaktast med tanke på støtte, eller skal dei førehandsvarslas om at det kan verte aktuelt?
  - Kven etablerer kontakt?
- Elektronisk [melding av utbrotet gjennom MSIS](#) og [gjennom Vesuv-CIM](#)

## B. Aksjonsfasen

Det overordna føremålet er å slå ned utbrotet raskt og avgrense konsekvensane av det. Tid er smitte og smitte gir auka fare for liv og helse.

### 1. Vurdering og iverksetjing av tiltak

- Basert på risikovurderinga frå kommuneoverlegen må det vurderast og drøftast kva tiltak som er aktuelle for å handtere risikoen, jf. [trinn fem i handbok for oppdaging, vurdering og handtering av covid-19-utbrot \(FHI\)](#).
  - Vurder om det kan vere trong for endring i tiltaksnivå i skule- og barnehagar, jf. trafikklysmodellen.
  - Vurder om det kan vere behov for midlertidig stenging av besøk til sjukeheimar.
- Vurder om det kan vere føremålstenleg å samarbeide med nabokommunane om tiltaka.
- Regjeringa har utarbeidd [eit rundskriv om kommunale smitteverntiltak](#).

### 2. Samvirke med Folkehelseinstituttet (FHI)

- Etabler dialog med FHI om moglege råd og støtte t.d. til:
  - Vurdering av risiko
  - Smitteverntiltak tilpassa situasjonen
  - Mediehandtering
  - Systematisk innsamling og bearbeiding av data
  - Utarbeide oversyn t.d. over tal smitta og kontaktar som skal følgjast opp
- Ved behov kan eit team frå FHI reise ut og gi støtte på staden

### 3. Praktisk samvirke med andre kommunar

- Korleis legg vi best moglege til rette for å kunne ta i mot støtte frå andre kommunar?
- Korleis sikar vi tilstrekkeleg deling av informasjon?

### 4. Samvirke med verksemd(er) med smitteutbrot

- Etablere dialog med verksemda(ene)
  - Kor mange er i verksemda ved smitteutbrotet?
  - Kva nasjonalitetar?

- Språklege og kulturelle problemstillingar?
- Rutinar for inn- og utreise, smittekontroll, testing m.v.
- Bedriftshelsetenesta si rolle og høve til å gi støtte.
- Trong for hjelp til å gi informasjon til tilsette?
- Tilgang til (fysiske) tolkar når det er trong for det?
- Viss verksemda har ansvaret for innlosjering
  - Kor mange?
  - Butilhøve (einerom, sanitærtilhøve, fellesrom, reinhald m.v.)

## **5. Praktisk gjennomføring av TISK-tiltak under leiing av kommuneoverlegen**

- **Testing**
- **Isolasjon**
- **Smittesporing**
- **Karantene**

Kjelder:

- <https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/testing-og-oppfolging-av-smittede/smittesporing/#om-smittesporing>